



**DALE IDRETTSLAG**  
**Sykkelgruppa**

*Leiar: Ståle Brattelid*  
*6963 Dale i Sff*  
*57736739 / 95102565*  
*stabratt@online.no*

# ÅRSMELDING

## DALE IL SYKKEL

### Sesongen 2013.



Sykkelgruppa har også denne sesongen hatt god aktivitet. I vintersesongen har det vore stor aktivitet i spinningssalen, medan det ute har vore gjennomført mange fine felles treningsturar. Gruppa har jobba med rekruttering av nye medlemmer, noko som har gitt oss nokre nye aktive i klubben. Klubben har hatt faste treningar landeveg kvar tysdag og torsdag i tillegg til lengre turar i helgane.

Dale IL sykkel har og dette året starta med trening for barn og unge ved Dingemoen skule. Treningane har vore mandagar og torsdagar, to grupper, ei for 6-9 år og ei for 10-13 år. Fokus har vore basisferdigheiter på sykkel.



Medlemar frå gruppa har denne sesongen gjennomført dei lokale ritta Jølster Rundt, Nordfjordrittet og vårt eige Postveggrittet. I tillegg har vi delteke på Bergen-Voss og Birken.

På Jølster Rundt (90km) deltok vi med 6 deltakarar, Henrik Selvåg, Ivar Selvåg, Terje Ulltang, Stein Valvik, Ståle Brattelid og Odd Bjarte Sølvberg. Best av våre vart Terje med tida 2.15.40, dette på tross av at Terje stoppa og bistod med hjelp til ein som hadde velta.

På Bergen-Voss (170km) stilte det 5 syklistar frå Dale. Ivar Selvåg var best av våre med tida 5.24.29.

Ivar Selvåg	5.24.29
Richard Skår	5.26.27
Ståle Brattelid	5.36.13
Henrik Selvåg	5.51.52
Linda Hovland	5.52.32



På Nordfjordrittet (130km) stilte Arvid Haugen som einaste frå Dale. Han fekk den gode tida 4.30.21 som heldt til 19.plass totalt.





## DALE IDRETTSLAG Sykkelgruppa

Leiar: Ståle Brattelid  
6963 Dale i Sff  
57736739 / 95102565  
stabratt@online.no

Årets Postvegritt vart arrangert laurdag 3. august. Dette var nok årets våtaste dag med styrtregn ein ser svært sjeldan. Dette gjorde sitt til at mange trakk seg frå start, kun 68 syklistar fullførte der 14 var frå Dale. Vår eigen Hege Vagstad vann dameklassa med tida 2.10.51, best av våre menn vart Arvid Haugen med tida 2.05.48. Komplet resultatliste på [www.postvegriiten.no](http://www.postvegriiten.no)

### KVINNER Dale

Hege Vagstad	2.10.51
Maret Krannich	2.19.57
Anne T Sande	2.30.35
Pamela Baust	2.42.18
Karina Helle	2.49.23

### MENN Dale

Arvid Haugen	2.05.48
Bjarte Skår	2.08.17
Kjetil Felde	2.13.25
Øivind Helle	2.16.56
Richard Skår	2.25.43
Ståle Brattelid	2.25.45
Henrik Selvåg	2.25.46
Leif H. Solheim	3.08.10
+Harald Nyland gjennomført i trimklasse utan tid.	



Tradisjonen tru reiste vi også i år ein delegasjon til Lillehammer for å delta på Birkebeinerriittet i slutten av august. I alt 10 dalingar stilte til start. Av spesielt gode prestasjonar nemner vi at Hege Vagstad tok nok eit merke som einaste frå Dale i år, ho tok atpåtill merke i både ski, løp og sykkel og vart Superbirkebeinar. Vi meiner å påstå det er første frå Dale nokonsinne som har klart det.

### KVINNER frå Dale

Hege Vagstad	3.53.50
Karina Helle	4.49.17
Linda Hovland	4.52.15

### MENN frå Dale

Arvid Haugen	3.43.36
Øivind Helle	3.59.10
Stein Valvik	4.05.16
Kjetil Felde	4.10.13
Frode Hellebust	4.22.58
Ståle Brattelid	4.30.50
Leif Henning Solheim	5.16.35



Martin Øverås har i sesongen delteke i NM Cupen for veteranar. Cupen er delt i to, fellesstart og temporitt samt ein totalcup. Martin deltok på i alt 26 ritt rundt om i landet, der han vann heile 22 av desse. Dessverre mista han ein del ritt på austlandet som hadde gitt poeng nok til at Martin nok hadde vunne heile totalcupen. Martin vann fellescupen totalt, vart nr 2 i tempocupen og nr 2 i totalcupen. Fantastisk levert!



**DALE IDRETTSLAG**  
**Sykkelgruppa**

*Leiar: Ståle Brattelid*  
*6963 Dale i Sff*  
*57736739 / 95102565*  
*stabratt@online.no*

Styret i sykkelgruppa har i år vore samansett slik:

Ståle Brattelid	leiar
Kjetil Felde	medlem
Arvid Haugen	medlem
Linda Hovland	medlem og rittleiar Postvegrikket
Frode Hellebust	medlem i saker som omhandlar Postvegrikket.
Øivind Helle	varamedlem.

*Styret har i 2013 hatt 4 styremøter og 1 medlemsmøte. Saker som har oppteke oss er rekruttering av nye medlemmer, Postvegrikket samt involvering og investering i treningscenteret.*

Ståle Brattelid  
- Leiar -